

Dagleg leiar, IL Valder

Vil du vere med å gjere Valderøya til ein betre plass å bu? Som dagleg leiar i IL Valder kan du gjere eit viktig arbeid for utøvarane, familiane deira og heile Valderøya.

- Fast stilling (100%)
- Send inn søknad snarast.

Vi søker ein person som vil vere med å utvikle idrettslaget vidare. Arbeidstida er i hovudsak på dagtid, men noko arbeid vil gå føre seg på ettermiddag og kveld.

Arbeidsoppgåver

- Økonomistyring med rapportering til styret
- Tett samarbeid med undergruppene i idrettslaget
- Drift av medlemsregister
- Oppdatering av nettsider og sosiale medium
- Vidareutvikle samarbeid med sponsorar
- Representere idrettslaget overfor kommune, media og samarbeidspartnarar
- Andre oppgåver frå hovudstyret

Ønska eigenskapar og kvalifikasjonar

- Trygg, engasjert og entusiastisk
- Samarbeidsvillig og sjølvstendig
- God til å skape relasjonar og eit godt idrettsmiljø
- God økonomiforståing og stødig i bruk av IT-verktøy
- Trygg i ein salssituasjon overfor sponsorar
- Kommuniserer godt skriftleg og munnleg

Dagleg leiar kan i samarbeid med hovudstyret utvikle innhaldet i stillinga. Arbeidsoppgåver og stillingsstorleik kan i nokon grad tilpassast søkjaren sine ønskjer og kvalifikasjonar. Løn etter avtale.

Om IL Valder

IL Valder sin visjon er «å gjere Valderøya til ein betre plass å bu.» Idrettslaget har om lag 1 000 medlemmer. Aktive utøvarar er fordelt på fotball, handball, friidrett og barneidrett. I tillegg har vi engasjerte dommarar, foreldre og frivillige som bidreg til at alle opplever idrettsglede og engasjement.

Kontakt

Ta gjerne kontakt med styreleiar Jarl Olav Sæther, tlf 900 28 077, etter kl 16.00. Send CV og søknad til epost: styreleder@ilvalder.no